

Tor Nesse
Hundvinsvegen 86
5956 Hundvin

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/8327 - 23/275

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
02.01.2023

Løyve etter jordlova § 9 til omdisponering av fulldyrka jord i høve omlegging av veg på gnr. 56/12 Hundvin.

Administrativt **Saknr:** 004/23

vedtak

Tiltak:

Eigedom: Gbnr: 54/17

Tiltakshavar:

Andreas Hundvin

Vedtak

Alver kommune gjev samtykke til omdisponering av areal som ømsøkt på gnr. 57, bnr 12 og 17 med heimel i jordlova § 9.

Vedtaket er gjeve på følgjande vilkår:

Tiltaket må fylge dei føringar som ligg i rettsforliket utarbeidd av Hordaland jordskifterett den 24.05.2022.

Saka gjeld søknad om omdisponering av fulldyrka jord på om lagt 0,1 daa på gnr. 54, bnr. 12 med føremål omlegging av landbruksveg jf. skriv frå advokatfirmaet Kyrre av 03.11.2022. I tillegg noko anna areal på gnr. 54, bnr. 12 og 17.

Planstatus/gardskart:

Eigedomen ligg i uregulert områdene innanfor det som i kommuneplanen for Lindås 2019-2021 sin arealdel er definert som LNF. Tiltaket ligg òg i omsynssone H570 bevaring kulturmiljø.

Gnr. 54, bnr. 12 har slikt areal jf. gardskartet.

Fulldyrka jord	34,8 daa
Overflatedyrka jord	3,8 daa
Innmarksbeite	5,9 daa
Produktiv skog	210,8 daa
Bygningar med meir	8,3 daa

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

<u>Anna markslag</u>	22,5 daa
Sum	286,1 daa

24.05.22 vart det inngått rettsforlik mellom ulike partar i området i jordskifteretten. Traséen synt i fig. 1 ligg til grunn i rettsforliket og det er denne traséen som no er søkt om.



Fig. 1. Rettsforliket sin trasé.

Vurdering

Arealet/areala er definert som fulldyrka jord. Før arealet kan nyttast til andre føremål enn landbruk, må det ligga føre vedtak om omdisponering etter jordlova § 9.

Omdisponering etter jordlova § 9

I jordlova § 9 1.ledd står det «Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon.»

Formålet med forbodet mot omdisponering er å verne produktive areal og jordsmonn. Det grunnleggjande formålet er jordvern, det vil sei å sikra matproduserende areal.

I jordlova § 9 2.ledd er det opna for å gje dispensasjon frå 1.ledd i særlege høve der «det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika»

Ordlyden «særlege høve» understrekar alvoret kring jordvernet, det vil sei å sikre matproduserande areal for framtidige generasjoner.

Ein kan gje samtykke til dispensasjon etter ei samla vurdering av forholda. I jordlova § 9 2.ledd er det sagt kva omsyn som skal tilleggas vekt ved vurderinga: «ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagn ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon»

Saka har gått over fleire år. Dette av di dåverande Lindås kommune ikkje kunne godkjenne utvida bruk av avkøyrsla. I skriv av 15.11.2019 ga dåverande Lindås kommune løyve til å flytte eksisterande avkøyrsle til slik det no er omsøkt. Privatrettslege tilhøve må vere på plass før vedtak kan fattast. Alver kommune, landbruk oppfattar det slik at forliket i Hordaland jordskifterett har avklara dei privatrettslege tilhøve slik som vegrettar, bruk av grunn, ivaretaking av steingard og frukttre med meir. I dette tilfellet vil omlegging av vegen føre at trafikken på vegen vert flytta noko lenger vekk frå tunet på bnr. 12. Dette er etter kommunen sitt syn positivt for bruket.

Konklusjon:

Med bakgrunn i vurderingane over har Alver kommune kome fram til at omsyna bak omdisponering ikkje vert sett til side som følgje av at 0,1 daa fulldyrka jord vert omdisponert til anna føremål, i dette tilfellet veg.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttal fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 22/8327

Bortfall av løyve

Samtykke til deling fell bort om oppmåling ikkje vert rekvirt innan 3 år etter at delingsvedtaket vart fatta, jf. jordlova § 12 (8). Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtaket er gjort, jf. jordlova § 9 4.ledd.

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alver kommune, plan- og byggesak
Andreas Hundvin

Audenbølveien 3

1408

Kråkstad

Mottakarar:

Sissel Ahmer Nesse
Tor Nesse

Hundvinsvegen 86
Hundvinsvegen 86

5956
5956

Hundvin
Hundvin